

VEDTEKTER FOR HULDAL BARNEHAGE

§1 Retningslinjer

a) Huldal barnehage er ein heildagsbarnehage med to avdelingar for barn i alderen 0-6 år. Barnehagen vert driven etter dei retningslinjene som er vedtekne av årsmøtet og dei krav som gjeld i lovverket.
Vidare og dei krav som gjeld for tildeling av statstilskot/kommunalt tilskot.

b) Drifta må vere i samsvar med dei bestemmelsane og retningslinjene som går fram av barnehagelova, rammeplan for barnehagen og føreseggnene til desse. Vidare og den fastsette årspalanen for drifta.
Barnehagen skal drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter for barnehageverksemrd.

§2 Formål

a) Barnehagen skal gi barna eit godt miljø med vekt på leik og samvær med andre barn og vaksne, og slik fremme læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Ein skal legge vekt på å utvikle det einskilde barnet sin personlegdom, hjelpe barnet til å utvikle evne til toleranse og ha omsorg for andre. Barna skal få høve til utfalding gjennom leik og aktivitet.

b) Eigarane sitt formål er å eige og drive Huldal barnehage.
Verksemda har eit ideelt formål.
Saman med heimen skal dei tilsette hjelpe med å gi barna eit miljø som sikrar dei individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, utfalding, læring, medbestemmelse og etisk rettleiing som fremmar demokrati og likestilling. Barna skal ha rett til medverknad tilpassa deira alder og føresetnader.

§ 3 Eigartilhøve og forvaltning

a) Barnehagen er privat og eigd av foreldra, som til ei kvar tid har barna sine i barnehagen. Eigarstyret består av 3 personar valde av foreldra. Barnehagen har og dugnadsstyre som består av 2 av foreldra.

b)Eigarstyret sin funksjon:

- Personal/arbeidsgiver ansvar
- Utarbeiding og godkjenning av budsjett.
- Innstilling til opptak av barn
- Sjå til at bhg vert driven i samsvar med dei gjeldande lover, forskrifter og vedtekter.

c) Huldal barnehage er ei ideell verksemrd, der det ikkje vert teke ut utbytte til eigar.
Barnehagen får kommunalt tilskot årlig.

d) Styrar har det pedagogiske, og administrative ansvaret for alle barna i opningstida.

e) Herøy kommune har etter lov av 5.mai 1995 nr.19 lov om barnehager §10 og §11 tilsynsansvar for barnehagen. Denne oppgåva er tillagt barnehageleiar.

f) Vedtekten skal gjerast kjende for føresette ved barnehagestart.

g) Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd i samsvar med §§4 og 5 i Lov 2005-06-17 med føresegner. I to avdelingsbarnehagar er det 2 representantar frå foreldre, tilsette og eigar som møter. Styrar blir antan valt inn som representant frå dei tilsette eller møter som sekretær for utvalet med møte og talerett

§ 4 Opptak

a) Søknad om opptak skjer via samordna opptak, på elektronisk søknadsskjema, som ein finn på Herøy kommune si nettside. Hovudopptaket med tildeling av plass frå august, blir gjordt i løpet av mars månad, etter kunngjering i pressa. Eventuell klagebehandling skal vere ferdig i løpet av mai månad.

b) Barn som har fått plass i bhg beheld denne til dei byrjar på skulen. Dersom ikkje anna tilråding ligg føre, får dei med delt plass 1.prioritet til auka plass, ved ledig kapasitet.

c) Opptaket er bindande frå den dagen ein takkar ja til plassen, og til ein seier opp plassen. Oppseiing må vere skriftlig og med minimum ein månads oppseiingstid. Oppseiingstida byrjar alltid den 1. i månaden etter oppseiingsdato. Det er ikkje høve til å seie opp plassen i tida 1.april-1.august (siste frist for oppseiing vert då 1.mars). Dersom eit barn skal slutte etter 1.april, må barnehageavgift betalast ut barnehageåret, sjølv om barnet ikkje nyttar tilbodet. Juli månad er betalingsfri.

§ 6 Kriterie for opptak

a) Barn busette i Herøy kommune vert prioritert til å få barnehageplass framfor barn som er busette i andre kommunar. Dersom det er fleire søkerar enn plassar ved barnehagen, skal følgande moment takast med i vurderinga.

1. Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i bhg. Det skal ligge ved sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.
2. Barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barnevernstjenester §§4-12 og 4-4 andre og tredje ledd.
3. Det er innført lovfesta rett til barnehageplass for alle som er fylt eitt år innan 31.august det året ein søker plass. Barn med rett til plass skal prioriterast framfor barn utan rett til plass. Barn med funksjonshemmning og barn det er fatta vedtak etter Lov om barnevernstjenester §§4-12 og 4-4 andre og tredje ledd skal prioriterast sjølv om dei ikkje har rett til plass etter fødselskriteriet.
4. Søskan av barn som allerede har plass/depositum i barnehagen.
5. Barn av tidligare innehavere av depositum/andel.
6. Barn frå barnehagens opptakskrets/nærmiljø.

b) Det må takast omsyn til alder, kjønn og mengda av dokumenterte problem i barnegruppa, slik at ein kan oppnå ei gruppesamsetjing som gir høve til individuell utvikling og gjensidig stimulering for barna i gruppa. Ei slik vurdering kan bety å ha tilstrekkelig mange barn i same aldersgruppe/kjønn.

- c) Når det ikkje er grunnlag for prioritering etter barnehagelova, eller opptaksriteria –og søkerar står likt, vert det gjordt loddtrekning.
- d) Ved hovudopptaket vert til saman 3 plassar ved barnehagane halde tilbake til klagefristen er ute.
- e) Ved ledig plass gjennom året, må styrar vurdere ut frå opptaksriteria kven barn på ventelista som skal få tilbod om plass.

§7 Opningstid/ferie

- a) Opningstida er frå 7 15-16 45.
Har ein grunna eiga arbeidstid behov for å levere barnet frå kl 6 45, kan dette gjerast etter avtale med styrar. Denne endringa kan berre gjerast om det er tilfredsstillande bemanning resten av dagen. Styrar avhjer dette.
- b) Barnehagen er open mandag-fredag. Den er stengt laurdagar, søndagar og andre helge-og høgtidsdagar.
Barnehagen er stengt desse dagane:
- Frå og med onsdag i påskeveka , til og med 2.påskedag
 - Frå og med julaftan, til og med 1.nyårsdag
 - Fem planleggingsdagar pr. barnehageår.
- c)Ferieordning:
- Det skal takast stilling til om bhg skal halde open heile sommaren, frå år til år. Skal det haldast opent må det vere minst 5 barn som har behov for å vere i bhg kvar dag. Avtalen for kvart barn er bindande. Foreldrebetaling vert innkrevd for 11 månader pr år.
 - Alle born med plass i barnehagen skal avvikle 4 veker ferie i løpet av kvart barnehageår. Tre av desse ferievekene skal normalt vere samanhengande i løpet av månadane juni, juli eller august. Andelseigarane skal seinast innan 1.april kvart år gi melding til leiinga ved barnehagen om avvikling av sommarferie. Dersom foreldra ynskjer ferie utanom desse månedane må søker om dette leggast fram for dagleg leiari seinast 1 månad på førehand. Dersom dette ikkje skaper vanskar for gjennomføringa av personalet sin ferie, eller medfører auka vikarbehov skal slike søker innvilgast.
Ved avvikling av ei ferieveke utanom månadane juni, juli eller august må det gjevast beskjed til dagleg leiari 1 månad på førehand.
Plan for ferieavvikling vert utarbeidd av dagleg leiari.

§ 8 Foreldrebetaling

- a) Foreldrebetalinga følgjer sentralt bestemt makspris.
- b) Giro for innbetaling vert levert ut i bhg midt i månaden med forfall den 1. i kvar månad.
- c) Barnehagen gjev søskenmoderasjon på 30% for andre barnet, og 50% søskenmoderasjon for øvrige barn i same familie, som bur i lag.

- d) Det vert krevd full betaling sjølv om barnet er fråverande pga sjukdom eller andre årsaker.
- e) Manglande betaling fører til inndraging av depositum og deretter utesenging frå bhg.
- f) For sein henting fører til overtidsbetaling, som vert innkrevd på neste månads faktura for foreldrebetaling

§ 9 Areal-utnytting

Arealutnyttinga vert sett til:

- a) Heildagstilbod for barn over 3 år: 4 m²
- b) Heildagstilbod for barn under 3 år: 5,33 m²

§10 Helse og hygieniske tilhøve

- a) Helsetilsyn og kontroll av hygieniske tilhøve ved verksemndene vert utført etter initiativ frå helseavdelinga. Foreldre/føresette skal levere egenerklæring om barnet si helsetilstand før barnet tek til i barnehagen. Denne erklæringa skal gjevast på eige skjema som
- b) Barn som er sjuke må ikkje møte opp i bhg. Med sjuke barn meiner ein barn som har feber, omgangssjuke, utslett eller andre smittsame sjukdomar, som gjer at barnet ikkje kan vere ute, eller må ha ro. Dersom det er alvorlig smittsam sjukdom i heimen, må barnet heller ikkje møte. Ved fråver skal heimen melde frå til barnehagen snarast råd.
- c) Styrar melder frå til helsestasjon, helseavdeling, eller barnevern-dersom det er grunn til bekymring for barnet si utvikling.
- d) Når det gjeld barn med funksjonshemmning, eller som står i fare for å utvikle funkssjonshemmning, skal styrar i samråd med føresette ta initiativ til nødvendig kontakt med helsestasjon, PPT, eller andre sakkunnige instansar.
- e) Leiar fører kartotek over kvart einskild barn, der viktige data om barnet er registrert. Det vert ført protokoll over fråver.

§ 11 Ansvar

- a) Personalet har ansvaret for barna den tida dei er i barnehagen. Det vil seie at barnet er foreldra sitt ansvar til dei er mottekne av personalet. Likeså har personalet ansvar for barnet den tida det er i bhg, og fram til føresette og barn har hatt direkte kontakt i barnehagen.
Når barnet vert henta må personalet få klar beskjed om dette. Foreldra må sjølve ordne med henting og bringing av barnet.
- b) Barnehagen har kollektiv ulykkesforsikring for barna.
- c) Barnehagen har utarbeidd eit internkontrollsysten, som til ei kvar tid skal kunne dokumenterast.

§12 Mat-klede

- a) Barna får servert frukost, lunsj og frukt i bhg kvar dag. Barna får ete under tilsyn og i ordna måltid
- b) Utgifter barnehagen har til frukt, mjølk og mat vert krevd inn i tillegg til den ordinære foreldrebetaltinga. Alt kjem på same faktura kvar månad.
- c) Barna må vere reine, og ha reine klede tilpassa ver og årstid. Dei må ha klede til inne - og utebruk. Eit ekstra kleskift må ligge i barnehagen.
- d) Barnehagen tek ikkje ansvar for kle/eigedelar, som ikkje er merka.

§ 13 Årsplanar

Barnehagen skal utarbeide ein årsplan for drifta for kvart år. Samarbeidsutvalet skal med utgangspunkt i nasjonal og lokal rammeplan fastsette ein årsplan for det pedagogiske innhaldet. Årsplanen vert sendt ut til alle foreldra og til barnehageleiar.

Den vert og lagt ut på heimesida til Herøy kommune.

§ 14 Dugnadsordning

To personar frå foreldregruppa sit til ei kvar tid i dugnadsstyret. Dei vert valgt på årsmøtet om våren. Oppgåva til dugnadsstyret er å handle inn det ein treng til dugnadane, skaffe nødvendig utstyr og redskap, og å organisere foreldra i arbeidet under dugnadane. Både når det gjeld forarbeid og gjennomføring av dugnadane er dette i nært samarbeid med styrar.

Rammene for dugnadsarbeidet i barnehagen:

- Kvart foreldrepar skal jobbe 6 timer pr.år for barnehagen. Det vert krevd kr.200,- pr.time ein ikkje jobbar inn. Når ein har vore på dugnad vert det ført liste over timane den enkelte har jobba. Om bhg. har behov for ytterligare vedlikehald, eller anna arbeid utover dei 6 timane, vil dette verte krevd av foreldra. Finns det ikkje arbeid til 6 timer pr.foreldrepar vert det ikkje krevd inn betaling for timane.
- Det vert hovudsaklig lagt opp til 2 fellesdugnader pr.år. Ein på hausten og ein på våren. Foreldregruppa ynskjer å gjere dugnadane til ein sosial arena, der vi kan verte betre kjente gjennom å arbeide saman og ”kose oss med kaffi og noko attåt”. Avvik frå fellesdugnadane kan forekomme dersom ein har eit større prosjekt under arbeid. Mindre reperasjonar /oppgåver gjennom året utfører dei to som sit i dugnadsstyret.
- Personalet v/styrar set opp liste over ønska utført arbeid haust og vår.

§ 15 Endring av vedtekten

Årsmøtet godkjenner vedtektsendringar etter framlegg frå styret. Vedtektsendringar skal sendast til barnehageleiar som tilsynsmynde for orientering.